



DET KONGELIGE  
FINANSDEPARTEMENT

*Finansministeren*

Postmottak Skriftlige spørsmål

Deres ref

Vår ref  
20/6343 -

Dato  
3 .11.2020

**Spørsmål nr. 199 til skriftlig besvarelse fra stortingsrepresentant Hadia Tajik om at ulikhetene har økt, og at de rikeste betaler mindre skatt enn folk flest**

Eg viser til brev av 22. oktober frå Stortinget si president vedlagt følgjande spørsmål frå stortingsrepresentant Hadia Tajik til skriftleg svar:

*«Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til skriftlig besvarelse til finansministeren:*

*Kva har regjeringa tenkt å gjere med den nye forskninga frå SSB som viser at ulikskapen har auka meir enn ein tidlegare har trudd, og at den rikaste 1 prosenten i Norge betaler mindre i skatt enn folk flest?*

*Begrunnelse: I stortingsmeldinga om ulikskap (St. Meld. 13 2+18-2019) skreiv regjeringa at «Store svingninger i utbetaling av utbytte gjør at Gini-indeksen for inntekt etter skatt, slik denne anslås ved skatteligningen, ikke gir et fullgodt bilde av utviklingen i ulikhet fra et år til det neste. For å fange opp den underliggende utviklingen burde en ideelt sett både ta hensyn til utbetalt utbytte og tilbakeholdt utbytte ved beregning av inntektstallene. I Statistisk sentralbyrå arbeides det med et prosjekt som kaster mer lys over dette spørsmålet for Norges del, ved at en forsøker å tilordne tilbakeholdt overskudd til eierne av bedriftene. Foreløpige tall for Gini-indeks for dette justerte inntektsbegrepet viser høyere Gini-indeks enn SSBs ordinære serie for hele beregningsperioden 2001 til 2016. Forskjellen mellom den justerte serien og de ordinære tallene fra SSB øker fra 4 prosentenheter i 2002 til 13 prosentenheter i 2007. For årene etter 2007 ligger den justerte Gini-indeksen om lag 7 prosentenheter over de ordinære tallene, dvs. rundt 32 pst».*

*No er prosjektet ferdig og SSB finn at inntektsulikskapen i Norge er mykje større enn det*

*offisiell inntektsstatistikk tidlegare har vist, samt at den rikaste prosent betaler mindre i skatt enn folk flest, med kun 11,5 pst mot 22 pst for vanlege inntektar (desil 4-6). Detaljar i tabellen kan ein sjå her: <https://ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/ulikheten-betydelig-storre-enn-statistikken-viser?tabell=432469>. Dersom regjeringa ikkje har same oppfatning av rapporten til SSB, ber eg om å regjeringa sine tal for gjennomsnittsskatt for midterste 20 prosent, nest øverste prosent, topp 1 prosent og topp 0,1 prosent, 2001-2018 (2015-kroner).»*

### **Svar:**

Artikkelen frå SSB måler økonomisk ulikskap basert på eit utvida inntektsomgrep som også omfattar overskot som blir halde tilbake i selskap. Studien peikar på interessante forhold ved fordelinga av økonomiske ressursar i Noreg. Dette er forhold som også kjem fram i statistikken over formuar.

Studien frå SSB korrigerer likevel berre for eitt element som forfatarane meiner manglar i det offisielle inntektsomgrepet, nemleg overskot som blir halde tilbake i selskap. Tidlegare analysar har vist at andre alternative inntektskjelder som heller ikkje er omfatta av det offisielle inntektsomgrepet, til dømes verdien av offentlege tenester, trekker inntektsforskjellane ned.

Studien frå SSB bereknar skattebyrda til ulike inntektsgrupper når det alternative inntektsomgrepet til forfatarane blir lagt til grunn. Studien viser at skattesystemet er mindre progressivt når ein reknar tilbakehalde overskot som inntekt til eigarane, samanlikna med det offisielle inntektsomgrepet. I delen av studien som gjeld skattebyrda, blir det ikkje lagt til nokon latent utbytteskatt på overskotet som blir halde tilbake i selskapa. Dersom dette overskotet likevel hadde blitt tatt ut av selskapa som utbytte, hadde det blitt skattlagt. Departementet meiner det vert gjeve eit feilaktig bilete av inntektsfordelinga når ein tilordnar tilbakehalde overskot i selskapa til eigaren utan å ta omsyn til den latente skatteplikta.

Finansdepartementet nyttar den offisielle inntektsstatistikken for å belyse fordelinga av økonomiske ressursar og korleis skattebyrden fordeler seg på ulike inntektsgrupper. Denne statistikken er utarbeidd i tråd med internasjonale retningslinjer. Å nytte seg av offisiell statistikk gjev kontinuitet i analysene til departementet, bidreg til at analysene kan etterprøvast, og gjer det mogleg å samanlikna land.

Tabellane nedanfor er utarbeidde med utgangspunkt i den offisielle inntektsstatistikken. Tabellane viser kor mykje skatt i prosent av bruttoinntekt ulike inntektsgrupper betalte i gjennomsnitt i åra 2001-2018.

Tabell 1 Gjennomsnittleg bruttoinntekt i 2015-kroner og fastsett skatt i prosent av bruttoinntekt for utvalde grupper etter bruttoinntekt. 2001-2018. Avrunda til nærmaste 100 kroner

|      | Midtre 20 pst.                             |   | Nest øvste pst.                            |   |
|------|--|---|--|---|
|      | Gjennomsnittleg bruttoinntekt. 2015-kroner | Fastsett skatt i prosent av bruttoinntekt | Gjennomsnittleg bruttoinntekt. 2015-kroner | Fastsett skatt i prosent av bruttoinntekt |
| 2001 | 274 600                                    | 21,94                                     | 1 058 300                                  | 35,86                                     |
| 2002 | 286 000                                    | 21,87                                     | 1 132 800                                  | 34,3                                      |
| 2003 | 285 700                                    | 21,78                                     | 1 161 100                                  | 34,08                                     |
| 2004 | 290 600                                    | 22,02                                     | 1 199 700                                  | 34,63                                     |
| 2005 | 242 900                                    | 21,31                                     | 1 125 600                                  | 32,41                                     |
| 2006 | 304 000                                    | 21,3                                      | 1 194 500                                  | 35,87                                     |
| 2007 | 326 900                                    | 21,3                                      | 1 341 100                                  | 35,55                                     |
| 2008 | 340 000                                    | 20,91                                     | 1 368 400                                  | 34,79                                     |
| 2009 | 338 800                                    | 21,19                                     | 1 325 400                                  | 36,26                                     |
| 2010 | 339 900                                    | 21,15                                     | 1 348 100                                  | 36,13                                     |
| 2011 | 350 400                                    | 21,08                                     | 1 409 100                                  | 36,24                                     |
| 2012 | 561 500                                    | 21,12                                     | 2 259 200                                  | 36,47                                     |
| 2013 | 368 200                                    | 21,12                                     | 1 492 000                                  | 36,31                                     |
| 2014 | 371 300                                    | 21  | 1 516 800                                  | 35,63                                     |
| 2015 | 373 800                                    | 21,38                                     | 1 578 800                                  | 35,43                                     |
| 2016 | 393 600                                    | 21,25                                     | 1 603 600                                  | 35,69                                     |
| 2017 | 368 500                                    | 20,95                                     | 1 495 300                                  | 35,6                                      |
| 2018 | 369 900                                    | 21,03                                     | 1 499 400                                  | 35,77                                     |


Tabell 1 fortsett.

|      | Øvste pst.                                 |   | Øvste 0,1 pst.                             |   |
|------|--|---|--|---|
|      | Gjennomsnittleg bruttoinntekt. 2015-kroner | Fastsett skatt i prosent av bruttoinntekt | Gjennomsnittleg bruttoinntekt. 2015-kroner | Fastsett skatt i prosent av bruttoinntekt |
| 2001 | 2 254 400                                  | 34,54                                     | 7 356 200                                  | 31,48                                     |
| 2002 | 3 043 400                                  | 22,77                                     | 12 683 700                                 | 12,52                                     |
| 2003 | 3 265 600                                  | 20,6                                      | 13 851 400                                 | 10,57                                     |
| 2004 | 3 697 200                                  | 20,46                                     | 17 097 100                                 | 10,86                                     |
| 2005 | 4 424 000                                  | 17,24                                     | 21 739 400                                 | 10,3                                      |
| 2006 | 2 547 100                                  | 36,51                                     | 8 205 200                                  | 35,82                                     |
| 2007 | 3 009 500                                  | 36  | 9 938 300                                  | 35,53                                     |
| 2008 | 2 927 500                                  | 35,76                                     | 9 118 600                                  | 35,65                                     |
| 2009 | 2 609 900                                  | 37,67                                     | 7 387 500                                  | 37,46                                     |
| 2010 | 2 816 500                                  | 37,54                                     | 8 804 100                                  | 36,73                                     |

|      |           |       |            |       |
|------|-----------|-------|------------|-------|
| 2011 | 2 894 100 | 37,84 | 8 552 100  | 38,38 |
| 2012 | 4 542 600 | 37,91 | 12 949 000 | 38,18 |
| 2013 | 2 996 300 | 37,73 | 8 592 800  | 38,33 |
| 2014 | 3 178 300 | 36,47 | 9 652 900  | 35,94 |
| 2015 | 4 015 400 | 34,24 | 14 485 400 | 32,58 |
| 2016 | 3 604 700 | 36,4  | 11 737 400 | 35,96 |
| 2017 | 3 394 000 | 36,78 | 11 179 000 | 36,64 |
| 2018 | 3 366 800 | 37,27 | 10 874 600 | 37,41 |

Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Med helsing



Jan Tore Sanner